

REGULERINGSPLAN FOR SELASVATN BUSTADOMRÅDE
ÅMLI KOMMUNE

Vedtatt av Åmli kommunestyre
den 25. april 1989 i sak K-26/89

Reguleringsføresegner.

§ 1

Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense.

§ 2

Det regulerte området omfattar desse reguleringsføreemåla,
jfr. § 25 i Plan- og bygningslova:

Byggeområde	*	Bustadar
Trafikkområde	*	Køyreveg/snuplass
	*	Grøfter, skråningar
Friområde	*	Park, leikeplass
Landbruksområde	*	Skogbruk
Spesialområde	*	Kommunaltekniske anlegg

§ 3

Bustadområde

- a) Området skal nyttast til heilårsbustadar med tilhøyrande uthus (garasje o.l.).
Innanfor området kan det vere maksimalt 6 bustadar.
- b) Bustadane kan oppførast i inntil 2 etasjeplan, medrekna loftsplan. Høgda på gesimsen skal ikkje vere over 5,5 meter. Der terrenget, etter bygningsrådet sitt syn, er slik at det er naturleg med underetasjeplan, kan bygningsrådet tillate 3 etasjeplan medrekna underetasje - og loftsplan. Høgda på gesimsen skal då ikkje vere over 6,5 meter.
- c) Tillatt bebygd areal er 30 % av tomte.
- d) Det skal avsettast plass for garasje og min. 1 utvendig biloppstillingsplass pr. bustad. Frittstående garasje må både i utforming og materialvalg tilpassast terrenget og bustaden.
Plassering av garasje fastsettast av bygningsrådet.
- e) Bygningane skal ha takhelling på min. 22 grader.

§ 4

Trafikkområde

Innanfor reguleringsområdet er avsett areal til bustadveg og atkomstveg til tekniske anlegg.

- a) Bustadveg skal nyttast som offentleg atkomst til bustadfeltet. Vegen er regulert i 9 meters breidde, Det tilltast ei avkøyrse pr. tomt.
- b) Atkomstveg til kommunalt kloakkanlegg. Vegen kan nyttast for atkomst til skogen.

§ 5

Friområde

Innanfor reguleringsområdet er avsett areal til park og leik.

- a) I friområdet kan bygningsrådet bare tillate oppført bygningar som naturleg har tilknytting til bruken av området.

§ 6

Landbruksområde

Innanfor reguleringsområdet er avsett areal for skogsdrift.

- a) I området kan det anleggast traktorveg for atkomst til bakomliggende skogareal.
- b) Området skal elles ha eit mest mogeleg parkmessig preg.

§ 7

Spesialområde

Innanfor reguleringsområdet er det avsett areal for kommunalt kloakkrensing .

Felles føresegner

- a) Ved behandling av byggemeldingar skal bygningsrådet sjå til at dei einiskilde bygga får ei god og harmonisk utforming når det gjeld form, fargar og materialbruk. Dette gjeld òg tilbygg, påbygg, garasjar og uthus.
- b) Bygningane skal plasserast innanfor regulert byggegrense.
- c) Byggemåte, høgde og fargar på gjerde og murar skal godkjennast av bygningsrådet.
- d) Buskar og tre, som etter bygningsrådet sitt syn kan vere til ulempe for den offentlege ferdsel, er ikkje tillatt.

Den ubebygde del av tomta skal giast ei tiltalende form og opparbeiding og haldast ryddig.

- e) Avkøyrslar til offentleg veg skal vere oversiktlege og mest mogeleg trafikksikre.

Stikkrenne gjennom avkøyrsla skal anleggast der terrengforholda gjer dette nødvendig.

- f) Innanfor ramma av Plan- og bygningslova og kommunen sine vedtekter til lova, kan bygningsrådet gjere unntak frå desse føresegnene når særlege grunnar ligg føre.

Åmli, 14. juni 1989